

## **Fogn Grendalag, styret**

### **Referat frå møte søndag 22.september 2013.**

Møtestad: Fogn oppvekstsenter.

Møtetid: kl.20.00 – 21.30.

Fem representantar frå grendalagsstyret møtte, samt tre av fire fognarepresentantar frå kommunestyret.

#### **Sak: SAMFERDSEL.**

Bakgrunnen for innkallinga til dette møtet var innhaldet i «Folkemøtet» på Finnøy 17.september der samferdselsjef, Gottfried Heizerling, gjorde greie for ei sannsynleg innstilling for vegsambandet Fogn – Bokn – Byre – Halsnøy – Børøy.

Onsdag 25.september skulle denne saka handsamast i Finnøy Formannskapet.

Vidare skulle så saka opp i Samferdselsutvalet 2.oktober og vidare til Fylkestinget 22.oktober.

Slik vi tolka utgreiing frå Heizerling ville dette prosjektet med stort sannsyn bli stoppa grunna altfor store kostnader, samt at ein etter ei brusamanbinding også ville få eit altfor dårleg samband der kun ei ferje skulle knytte aktuelle brukarar til Judaberg. Heizerling kunne heller ikkje gi oss noko svar på om eventuell fergekai ville bli lagt til Fogn eller Halsnøy, men mykje sannsynleg ville den billigaste løysinga bli vald.

Kommunestyrerepresentantane gjorde greie for synet til dei politiske partia dei representerte. Arbeiderpartiet gjekk inn for innstillinga til samferdselssjefen, medan Krf ville arbeide for at prosjektet skulle bli gjennomført som tidlegare planlagt. Representanten frå Frp var fråverande.

Etter at kommunestyrerepresentantane hadde gått frå møtet, drøfta vi i styret vegen vidare i saka.

Konklusjon: I hovudsak å følgja innstillinga frå samferdselssjefen. Fire representantar røysta for og ein representant røysta mot.

Fleirtalet blei no einige om å gjere greie for fleirtalsavgjerda i eit brev. Brevet skulle gå til formannskapet i Finnøy, samt til samferdselsstyret på Fylket. Sjå vedlegg.

For Grendalaget

Jostein